

# Prosjektplan

<b>Prosjektnavn</b>	<b>Plan for flaum- og skredfare i Odda kommune</b>	
<b>Dato</b>	<b>03.01.2017 (oppdatert 22.05.2017)</b>	Dato for oppretting av prosjekt
<b>Type prosjekt</b>	( ) Forprosjekt      (X) Hovedprosjekt      ( ) Annet	For-/hovedprosjekt/ annet
<b>Prosjektleder (kontaktperson)</b>	<b>Odda kommune v/Eirik Lia</b>	Prosjektets kontaktperson med kontaklinformasjon
<b>Bakgrunn</b>	<p>Nasjonalt har det skjedd fleire endringar og oppdateringar med tema skred, flaum og klimaendringar. Noko som gjer at kommunane har meir ansvar for å få ein oversikt over naturfarane i kommunen.</p> <p>Skred- og flaumhendigar er både ein økonomisk belastning og ein fare for liv og helse. Ein flaum- og skredfareplan skal identifisere, rangere og gje eit kostnadsoverslag over naudsynte kartleggingar og tiltak. Prosjektet vil munne ut i to fagplanar, ein for flaumfare og ein for skredfare, j.f. Planstrategi for Odda kommune 2016-2019.</p> <p>Odda har òg hatt mange utfordringar med skredfare og stabilitet av murar med meir, og har opplevd fleire store hendigar som har eller kunne ført til stor skade, blant anna ein steinskred i Tyssedal i 2012 og sikringa i etterkant.</p> <p>Skadeflaumen i Opo oktober 2014 var likevel ein vekkar. Det hadde vore flaum i Opo før, men ingen hadde sett for seg skadane som følgje av flaumen, der 5 bustadhus vart tatt av flaumen. Heldigvis vart ingen tatt av flaumen. NVE var raskt inne og fekk i gang hastetiltak og flaumsikring av elva og områda rundt.</p> <p>Flaumen i Opo førte til mange utfordringar som Odda kommune har måtte løyse sjølv, eller i samarbeid med andre. Odda har derfor måtte bruke mange interne ressursar i etterarbeidet etter flaumen.</p> <p>I etterkant av skadeflaumen i Opo har NVE hatt ein sentral rolle i sikringa av Opo, og det har nettopp kome ein rapport frå Multiconsult som viser til moglege flaumdempande tiltak. NVE vil laga faresonekart for Opo, men oppstraums Vasstun bru vil ein ikkje ha tilstrekkeleg kartlegging av konsekvensar ved framtidige flaumhendigar. Det same gjeld for andre, større vassdrag i kommunen. Det er såleis eit stort behov for å få gjennomført ei omfattande flaumfarevurdering av dei mest utsette vassdraga i kommunen.</p> <p>På grunn av at Odda vart så hardt råka av oktoberflaumen 2014, så har Hordaklim inkludert Odda som ein av kommunane som er med i pilotprosjektet. Blant anna er det tatt kjerneprøver i Sandvinvatnet for å sjå spor etter tidlegare flaumhendigar, som kan brukast for å talfeste flaumintervall. Hordaklim vil presentere ein framskriving av klimadata for Odda kommune i løpet av hausten 2017, som vil bli tatt med i ein flaum- og skredfareplan</p> <p>Odda kommune hadde sumaren 2016 inne ein student gjekk gjennom arkivet og som skanna inn skredrapportar, og laga polygonar i innsyn over arealet som er dekkja av skredrapporten. Resultatet er lagt ut som eit kartlag i fonnakart.no med referanse til rapportane. Det gjenstår enno noko arbeid.</p>	Kort beskrivelse av bakgrunnen for prosjektet.

# Prosjektplan

	<p>Odda kommune vart i 2016 med i eit samarbeid om kommunegeolog, der vertskommunen er Kvam herad. Kommunegeologen har mest erfaring med skredfare, men har òg kunnskap om flaum og andre naturfarar, samt klimaendringar.</p>				
<b>Mål</b>	<p>Målet er å få to fagplanar for Odda kommune, ein for flaumfare og ein for skredfare. Målet er eit rammeverk og metodikk for å få ein oversikt og prioritering mellom flaum- og skredvurderingar/-sikringsprosjekt. Rammeverket og metodikken bør kunne utvidast i vidare arbeid med samanslåtte kommunar.</p> <p>Fagplanane skal definere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Kva veit me?</li> <li>*Kva veit me ikkje?</li> <li>*Kva skal me prioritere?</li> </ul>				<p>Kort beskrivelse av hva som skal være oppnådd ved prosjektets avslutning</p>
<b>Tidsplan</b>	Start	Fullført	Beskrivelse	A/M	<p>Oversikt over hovedaktiviteter og milepeler i prosjektet. For milepeler angis milepeldato, for aktiviteter, fra- og til-dato. A=Aktivitet, M=Milepel</p>
	3.1.17		Oppstart		
	13.1.17.	22.3.17	Søknad om tilskot (tilsegn MD 22. mars)		
	Vår 2017		Oversikt over arbeidsoppgåver i prosjektet		
	23.-24. mai		Workshop i Odda med ekstern kompetanse		
	Vår 2017	Sommaren 2017	Innhenting av ekstern kompetanse		
	Haut 2017	Des. 2017	Plandokument		
	Des 2017	Des 2017	Kurs/seminar – status		
	2018	2018	Plandokument ferdigstilles		
	Des 2018	Des 2018	Kurs/seminar – oppsummering av fagplan		
<b>Organisering</b>	<p><u>Prosjekteigar: Odda kommune v/Teknisk</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b><u>Prosjekteigar:</u></b> Kommunalsjef Teknisk Anton Langeland</li> <li>- <b><u>Prosjektansvarleg:</u></b> Virksomhetsleder Teknisk Drift (TED) Torstein Backer-Owe</li> <li>- <b><u>Prosjektleiar:</u></b> Avd. ing. Eirik Lia</li> <li>- <b><u>Prosjekt drivar:</u></b> Kommunegeolog Tore Dolvik</li> </ul>				<p>Prosjekteier, prosjektansvarlig, medlemmer i prosjektgruppe og referansegruppe.</p>
<b>Rapportering</b>	<p>Sluttrapport til Miljødirektoratet innan 1. mai 2018</p>				<p>Hva skal rapporteres, når og til hvem.</p>
<b>Rammer og forutsetninger</b>	<p>Plandokument som skal brukast i beredskap og i prioritering av flaum- og skredfarevurderingar og -sikringstiltak. Rammeverk og metodikk skal vere mogleg å overføre ved oppdatering av dokumentet og vidare arbeid i samanslåtte kommunar.</p>				<p>Sentrale betingelser som må oppfylles for å kunne gjennomføre prosjektet på en vellykket måte</p>
<b>Risikoanalyse</b>					<p>Forhold som kan medføre at prosjektet ikke kan nå sine definerte mål</p>

# Prosjektplan

<b>Økonomi</b>	<p>Det er forventa å spare pengar på å samkøyre fagplanane i eit prosjekt.</p> <p><b>Planstrategi for Odda kommune 2016-2019</b>            *Skredsikringsplan: 300 000 (2017) og 200 000 (2018)            *Flomfareplan: 500 000 (2018) og 500 000 (2019)</p> <p><b>Søknad til klimatilpassingstiltak (Miljødirektoratet)</b>            *Prosjekt Plan for flaum- og skredfare i Odda: 2,8 mill. Søkt om 2 mill.            ' – konsulent, inkl kommunegeolog: 1,85 mill            ' – kommunal eigeninnsats: 0,85 mill            ' – Seminar, kurs og rettleiing: 0,1 mill</p> <p><b>Tilsegn frå Miljødirektoratet</b>            *Prosjekt Plan for flaum- og skredfare i Odda: 1,2 mill. (søkt om 2 mill.</p> <p><b>Finansiering (revidert)</b>            *Tilskot frå miljødirektoratet: 1 200 000,-            *Kommunegeolog: 300 000,- (av 510 000,-)            *Kommunal eigeinnsats 100 000,-            *SUM 1 600 000,-            *Politisk sak (2017) 700 000,-            *Budsjett 2018 500 000,-</p> <hr/> <p>TOTALT 2 800 000,-</p> <table border="1" data-bbox="295 1176 1276 1467"> <thead> <tr> <th>Budsjett (revidert)</th> <th>nosituasjon</th> <th>full finansiering</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Workshop 23.–24. mai:</td> <td>50 000,-</td> <td>50 000,-</td> </tr> <tr> <td>Sommarjobb 2017:</td> <td>150 000,-</td> <td>150 000,-</td> </tr> <tr> <td>Seminar des. 2017 og 2018</td> <td>100 000,-</td> <td>100 000,-</td> </tr> <tr> <td>Frikjøp av eigne tilsette</td> <td>100 000,-</td> <td>700 000,-</td> </tr> <tr> <td>Kommunegeolog</td> <td>600 000,-</td> <td>800 000,-</td> </tr> <tr> <td>Konsulentar</td> <td>600 000,-</td> <td>1 000 000,-</td> </tr> <tr> <td>SUM</td> <td>1 600 000,-</td> <td>2 800 000,-</td> </tr> </tbody> </table> <p>I tillegg vil det vere lagt opp til bruk av interne ressursar (eigeninnsats), som inngår i den daglege administrasjonen, som ikkje er talfesta økonomisk.</p>	Budsjett (revidert)	nosituasjon	full finansiering	Workshop 23.–24. mai:	50 000,-	50 000,-	Sommarjobb 2017:	150 000,-	150 000,-	Seminar des. 2017 og 2018	100 000,-	100 000,-	Frikjøp av eigne tilsette	100 000,-	700 000,-	Kommunegeolog	600 000,-	800 000,-	Konsulentar	600 000,-	1 000 000,-	SUM	1 600 000,-	2 800 000,-	<p>Overordnet beskrivelse av kostnader og finansiering av prosjektet.</p>
Budsjett (revidert)	nosituasjon	full finansiering																								
Workshop 23.–24. mai:	50 000,-	50 000,-																								
Sommarjobb 2017:	150 000,-	150 000,-																								
Seminar des. 2017 og 2018	100 000,-	100 000,-																								
Frikjøp av eigne tilsette	100 000,-	700 000,-																								
Kommunegeolog	600 000,-	800 000,-																								
Konsulentar	600 000,-	1 000 000,-																								
SUM	1 600 000,-	2 800 000,-																								
<b>Andre ressurser</b>	<p>Odda er ein av kommunane i Hordaklim (fylkeskommunalt prosjekt)</p> <p>Odda er med i eit samarbeid om kommunegeolog (vertskommune er Kvam herad). Kommunegeologen vil vere med å utarbeide fagplanen.</p>	<p>Andre ressurser som prosjektet krever for å kunne nå definerte mål.</p>																								
<b>Prosjekt-avslutning</b>	<p>Ved eksterne tilskot så er det vurdert å halde seminar i desember 2017 og i 2018 med status og oppsummering av planarbeidet.</p>	<p>Hvordan skal prosjektet avsluttes.</p>																								
<b>Eventuelt</b>		<p>Andre viktige forhold som det bør tas hensyn til i prosjektarbeidet.</p>																								